

+ KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 1 MARS 2011
36. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhushuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Rolv Eivind Monsen	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

Prestane:

Prostiprest Rolf Eivind Monsen
Tlf: 40 46 55 74

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
John Hundhammer, Otto Mo, Jan Roald Myking,
Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Kari Hauge
Hosanger: Lillian M. Kleppe
Hamre: Olaug Hartveit
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjeheising redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy

Mars



Eit emne frå det nye testamentet som mange målarar har laga framstillingar av, er forteljinga om då engelen Gabriel kom med bod til Maria. Maria bodskapsdag markerer ein i kyrkjene på den preikesøndagen som kjem næraast 25.mars, altså ni månader før Jesu fødsel.

Det er i Lukas-evangeliet vi kan lesa om bodskapen som engelen kom med til Maria. Gabriel fortel Maria om Guds plan for henne, og Maria stiller spørsmål tilbake. Og ho har mange gode spørsmål. Englebesøket endar med at Maria svarar ja til oppgåva som blir pålagt henne.

Biletet på forsida er ei altertavle laga i 1333 for å stå i domkyrkja i Siena, Italia, på eit sidealter der. Simone Martini som laga kunstverket blir sett på som ein av grunnleggjarane for det vi i dag kallar siena-skulen: Riddartida sin stil, særmerkt med gotisk eleganse, gullbakgrunn og fin linjeføring.

Vi ser ein aktiv brusande engel i møte med ei meir reservert Maria. Mellom dei står ein vase med kvite liljer, som skal visa at Maria er jomfru og rein. Engelen ber med seg ein kvist frå eit oliventre, eit fredssymbol, og har også olivenkrans i håret. Det går ein talestraum frå engelen mot Maria, kunstnaren har notert ei lita setning i gullbakgrunnen. Det er frå Lukas 1.28: "Ava gratia plena Dominus tecum". Slik opna også ei bøn som var ny i den katolske kyrkja på denne tid : "Ver helsa, du som har Herrens nåde". Dei lesekunnige som framsa bøna ved dette alteret hadde teksten framfor seg.

Simone Martini har fanga augneblinken: Maria klappar boka att, men held tommelen inni der ho les. Ho trekkjer kappen om seg, og snur seg litt bort frå den lysande skapningen. Gabriel peikar mot himmelen med eine handa, og der over er ein engleflokk med den Heilage Ande sentralt i due-skapnad. Gud er tilstades.

Kunstnaren var fødd i Siena og døydde i Avignon ti år etter han hadde gjort ferdig arbeidet med bodskapen til Maria. Han var tilsett ved pavehoffet der, og var god ven med forfattaren Petrarca. Eit nydeleg portrettmaleri Martini laga av Petrarca sin store kjærleik Beatrice er for lengst forsvunne. Om Martini sa Petrarca: "Sikkert er det at min ven Simons ein gong har sett Paradiset".

I dag kan ein sjå altertavla i Uffizi-galleriet, Firenze.

- Kristoffer Foldøy

"Ver helsa, du som har fått nåde! Herren er med deg!" (Lukas 1,28)

Andakt ved prost Rolf Evind Monsen

Helsinga vart sendt til Maria frå Gud. Denne helsinga er framleis like levande, og når fram til oss som lever vel to tusen år seinare. I dag er dei same orda Guds helsing til deg: **"Ver helsa, du som har fått nåde! Herren er med deg!"**

Nåde er noko vi får, ikkje noko vi kan kjøpa eller arbeida for. Nåde er noko Gud gjev oss med di han sende Son sin til verda.

Apostelen Johannes skriv at **"Nåden ... kom ved Jesus Kristus."** Med andre ord, så er det Jesus som er Guds nåde. Det var ikkje så rart at engelen sa at Maria hadde fått nåde. For ho er det einaste mennesket som har fått bore Guds nåde i morslivet sitt. Ho fekk bera han som er Guds nåde frå eit lite foster fram til eit fullbore, nyfødt barn. Ho fekk gje han bryst og stella med han. Ho fekk syta for han og passa på han. Og ho fekk stå attmed krossen og vera nær han då han kjempa mot dei vonde maktene.

Men Maria fekk Guds nåde i dobbel tyding. For på lik linje med alle som trur, fekk ho Guds nåde i kraft av Jesus sin død og oppstode. Og det er i den tydinga at vi får høyra desse orda:

"Ver helsa, du som har fått nåde! Herren er med deg!"



John Collier: "Maria mottek bodskapen", frå år 2000. Den moderne ramma gjev rom for mange av elementa vi ser på framsidebiletet, men flytter hendinga inn i vår tid.

På Maria bodskapsdag kjem engelen si helsing til oss:
"Ver helsa, du som har fått nåde! Herren er med deg!"

Gud helsar oss med det me treng meir enn noko anna. Verda treng det, og vi treng det som einskildmenneske: Vi treng Guds nåde. Vi treng at Gud ser i nåde til alle menneske som svelt og er på flukt frå krig, alle som er sjuke og lid vondt, alle som er einsame, motlause og nedtrykte, alle som ber på skuld og därleg samvit.

Og kvar og ein av oss treng vi at Gud gjev oss nåde for at vi ikkje maktar å leva slik han vil. Vi treng tilgjeving frå han, og vi treng hans nådige hjelp til å leva etter boda hans.

Gud elskar denne verda. Han elskar oss menneske, sjølv kor sterkt han hatar all vondskapen. Han har ikkje vendt seg bort. Hans nåde er ny kvar morgon. Han helsar oss med nåde. Kvar gong vi er i kyrkja vert vi helsa på same måten som Maria: **"Nåde vera med dykk..."**

Lat oss difor ta imot den helsinga og gøyma henne i tankane våre:

"Ver helsa, du som har fått nåde! Herren er med deg"

PASJONSSPELA I OBERAMMERGAU 2010

Spelet i Oberammergau i Bayern i Tyskland har røter tilbake til 1633. På den tida under 30-årskrigen i Europa. I Tyskland braut det ut en stor krig. Den vesle byen Oberammergau vart òg råka av pesten. Mange menneske døydde, då lova innbyggjarane i byen at dei kvart tiande år skulle framføra spelet om "Lidinga, døden og oppstoda til vår Jesus Kristus". Frå den dagen døydde ingen av

forhistoria, året etter i 1634 kom første spelet i byen sjølv framførte på plassen utanfor kyrkja. I vår tid blir spelet framført på ein spesialarena spesialbygd for pasjonsspelet. Ei kjempearena i friluft rommar hundrevis av aktørar, tilskodarane sit godt under tak. I tilfelle regn er arena dekkast med eit tak.

Gjekk spelet frå mai til oktober. Sjølv var i august i regi av SI-reiser som sette opp ei tur til pasjonsspelet.

For dei som har opplevd spelet, vil eg tru at det gjorde eit uutsletteleg inntrykk. Aldri har påskeevangeliet verka sterkare enn det me fekk oppleva denne kvelden.

Spelet starta med massemonstringa palmesøndag der det myldra av gamle, unge, born og sauvar på scena. Dei svinga palmegreiner, og Jesus reid inn på eit esel slik evangeliet fortel. Folkemengda var kledd i blått medan Jesus og læresveinane var kvitkledd.

Spesialskriven musikk og songar høyrde òg med. Eit kvitkledd kor med nesten femti songarar stod på rad, når dei medverka, var dei åleine på scena. Solistane var nøytrale og stod i rekka i lag med dei andre songarane. Sceneskifta vart markerte med tablå med motiv frå Gamle Testamentet. Desse scenene hadde ein parallel til det som skulle visast frå Nye Testamentet.



reinskar templet.



Pause og ein pust i bakken for læresveinane som er med i spelet. (Foto: Roger Breivik)

Etter kvart kom kjende personar frå Bibelen fram på scena. Sjølvsagt var Jesus hovudpersonen. Av læresveinane var Judas den som spesielt vart framheva. Mange fekk medynk med svikaren som så tydeleg viste sin anger. Peter var òg ein person som viste anger etter han hadde fornekta Jesus. Begge angra, men Judas streid med sviket åleine utan å be Jesus om tilgjeving.

Dei romerske soldatane bar svarte uniformer og hjelmar. Pontius Pilatus som representant for overmakta, var òg svartkledd. Øvsteprestane bar høge hattar og gul-oransje-raude kjortlar. Nikodemus og dei andre i Det høge rådet var i kvitt og svart. Den gjennomførte vektlegginga på kostyme gjorde det lett å forstå kven som representerte dei ulike gruppene.

Spelet var delt i to hovudbolkar. Det starta klokka 14.30 og hadde ein lang middagspause frå 17.00-20.00. Siste økt tok slutt kl 22.30. Denne delen tok for seg då Jesus vart stilt for Det høge rådet. Etterpå såg me korleis han vart spotta og pint. Krossfestinga var så naturtru at me følte at me sjølv var med på Golgata. Dei tre krossane var i naturleg storleik. Noko meir dramatisk enn denne scena er vel vanskelig å forestilla seg.

Sluttscena var etter oppstoda. Det var så stillferdig og stod i slik kontrast til langfredagsdramaet at enkelte lurte på om me i det heile hadde merka at

Jesus stod opp. Det er Maria Magdalena og ein engel som er på gravstaden. Sluttreplikken før koret er lagt i Maria Magdalena sin munn. ”Eg veit at min frelsar lever. Eg vil forkynna di oppstode til brørne mine...”

For oss som trur at Jesus leid døden på krossen og stod opp den tredje dagen, var denne dagen i Oberammergau eit minne som vil følgja oss så lenge me er i stand til å hugsa.

Som ein sluttcommentar må det seiast at alle skodespelarane er frå den vesle byen Oberammergau. Mange har vore med fleire gonger i spelet, først som barn i opptoget, så kanskje som Jesus eller Peter i neste spel og seinare som nokon i Det høge rådet. Mennene må ha skjegg og langt hår. Difor er det klippeforbod i eit heilt år før spelet.

Om ni år er det eit nytt høve til å sjå og høyra det som er sjølve grunnpilaren i vår kristne tru. Dersom du lever neste gong spelet skal framførast, bør du få med deg ein tur til Oberammergau i 2020.

Tekst: Hild Breivik

MENIGHETSBLADARTIKKEL

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 10.-12. april 2011.

Over éin milliard menneske lever i ekstrem fattigdom. Urettferd tek menneskeliv kvar dag. I år set Kirkens Nødhjelps fasteaksjon søkjelyset på økonomisk rettferd. Saman kan vi kjempe for ei framtid utan fattigdom. Konfirmantane sin innsamlingsdag på Osterøy vert tysdag 12. april.

No er livet betre

Då mamma fekk lån til å starte ei grønsaksbu, fekk Yohana (14) eit heilt nytt liv.

Yohana (14) er i si eiga verd medan han traskar ved sida av mor si. Det er tidleg om morgonen, og han er trøtt. Dei skal gå langt for å hente grønsaker til bua på torget.

– Eg hjelper mamma med jobben morgen og kveld. Det er ei glede. Ho gir meg skulepengar, slik at eg kan få utdanning, fortel Yohana. Han bur saman med mor si og tre søskjen i landsbyen Chunya i Tanzania. For to år sidan vart mora med i ei VICOBA-gruppe gjennom Kirkens Nødhjelp.

– Då vart livet betre. No har vi råd til mat, klede og skule, fortel den unge guten.

Skaper forandring

VICOBA (Village Community Banks) er spare- og lånegrupper der medlemmene sparer små beløp kvar månad. Pengane blir samla i ein pott, og medlemmene får høve til å ta opp smålån for å investere i inntektsgivande arbeid og ei betre framtid.

– Vi starta arbeidet med VICOBA i 2006. I dag er det over tusen registrerte VICOBA-grupper, fortel Godfrey Walalaze, Kirkens Nødhjelps programrådgjevar i Tanzania.

Det er medlemene sjølv som eig ”banken”. Rentene på låna som blir tekne opp, kjem alle eigarane til gode. Slik går overskotet frå prosjektet tilbake til lokalsamfunna. Kirkens Nødhjelp støttar VICOBA-gruppene med opplæring i tillegg til bankboksar og anna materiell.

– Eg blir stadig imponert av menneske som før ikkje har hatt ressursar til å gjere noko ut av livet sitt, men som no reiser seg på VICOBA-møta og fortel den eine suksesshistoria etter den andre: om at dei kan halde barna i skulen, om at dei har skapt seg eit levebrød, og at dei tener pengar, fortel Walalaze.




Yohana hjelper til på grønnsakstorget.

Viktige forsamlingar

I Tanzania er kyrkja ein naturleg stad å møtast for å ta tak i utfordringar i kvardagslivet. Mange som har vorte med i ei VICOBAs-gruppe har hørt om arbeidet gjennom den lokale forsamlinga si, og mange VICOBAs-grupper har òg møta sine i kyrkja, sjølv om VICOBAs er eit prosjekt på tvers av religionar.

- VICOBAs gir menneske styrke til å tenkje gjennom kva dei treng, og korleis dei kan få tak i det. Ansvaret blir lagt i hendene deira, men vi kan gi dei kunnskap og støtte til å stå opp for sitt eige liv. Vi opplever at VICOBAs-gruppene tenner voner, seier Walalaze.



FASTETID ER AKSJONSTID

Det er ikkje rettferdig at over 1 milliard menneske i verda framleis lever i ekstrem fattigdom. Saman kan vi kjempe for ei framtid utan fattigdom. Det handlar om rettferd!

I Jes. 58, 6-10 står det blant anna at vi i fasta skal løysa dei som med urett er bundne, dela vårt brød med dei som svelt og la heimlause koma i hus. Fattigdomen i verda er enkelt synleg for oss i at nokon svelt, andre gjer det ikkje, men dei underliggjande årsakene til økonomisk urettferd er kompliserte.


Bibelens bodskap om faste utfordrar oss til å omsetja tankar og ord til faktisk handling, og gjennom vårt engasjement og bidrag til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon kan vi verkeleggjere Guds ord.

Salatblad og utdanning

Yohana og mora er framme hos bonden der dei skal hente grønsakene. Den unge guten har draumane klare for framtida:

- Ettersom mor mi er med i VICOBAs, kan eg studere, viss eg jobbar hardt for det. Eg har lyst til å bli politi. Eller jobbe for at landet skal bli meir rettferdig. Demokrati er viktig. Eg vil vere med å gjere Tanzania til ein god stad å leve for mange.

I dag er det salatblad som skal berast tilbake til torget. Flaks! Stort volum, men lett å bere. Yohana smiler og myser mot sola. Denne dagen skal bli god!



Den norske kyrkja har hatt kampen for økonomisk rettferd på dagsorden i mange år, og vi er utfordra av det internasjonale kyrkjefellesskapet til å arbeide med global rettferd.

Gjennom Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2011 blir vi oppmoda til å støtte kampen for økonomisk rettferd og for ei framtid utan fattigdom. Fastetida er vår aksjonstid i Den norske kyrkja. Eg oppmodar difor alle til å støtte Kirkens Nødhjelps fasteaksjon ved å ta godt imot bøsseberarane, vere med som bøsseberar sjølv og til å signere kampanjen som er retta mot dei som har makt og ansvar.

- Biskop Halvor Nordhaug

TRE K - KRISTEN KREATIV KLUBB

er ein nyoppstarta klubb på Fitje bedehus for born i alderen 3.-7 klasse. Fire unge mødre står bak dette flotte tilbodet. Her samlast gutar og jenter til boblante skaparglede der dei skal få lov å utfalda seg og å læra å ta i bruk ulike handarbeidsteknikkar.

Det er onsdagskveld midt i februar både kaldt og glatt ute, men inne i småsalen på Fitje bedehus blir eg møtt av ein triveleg gjeng med gutter og jenter. Ja, for her er det likestilling mellom kjønna, her er like mange gutter som jenter ca. 13 born som møter trufast opp til samlingane. Inne i den lune småsalen set dei og strikkar og syr. Her får dei prøva seg på toving, brodering, lappeteknikk og ikkje minst strikking. Dei har strikka både pulsvarmarar, vottar, panneband og huer, noko som kjem godt med i vinterkulda. Og no nærmar det seg tid til å laga påskepynt. På kjøkkenet er det sying på symaskin. Det skal bli forkle som dei kan ta med seg når dei skal ha heimkunnskap på skulen.

Dei har hatt 4 samlingar før jul og skal ha 4 etter. Samlinga varer frå kl. 17.30-19.30 og mot slutten vankar det nybakte bollar og gjerne kaker og det er det ofte ein av gutane som har bakt og har med seg. Kvar samling blir avslutta med andakt og det

er ein lydhør forsamling. Når klokka går mot halv åtte har dei berre lyst å vera lengre, altfor tidleg å gå heim. Dei fire mødrene som står bak tiltaket er Randi Holm Myking, Gerd Karin Njåstad, Anne Cecilie Skeidsvoll og Anne Guro S Antun, også fire kreative og positive damer. Dei ønskjer at dette skal vera eit tilbod til aldersgruppa som har sluttat å gå på søndagsskulen, derfor har dei og god hjelp av søndagsskulearbeidar Reidun Vevle. I tillegg har dei fått med seg endå ein medhjelpar som også har mykje å bidra med når det gjeld ulike formingsaktivitetar; Bodhild Hammer.

Både borna og dei vaksne ser ut til å ha det svært triveleg saman, noko som bileta viser. Det er ein fredeleg og god atmosfære der praten går og der alle borna er engasjerte i aktivitetar og får god hjelp frå dei vaksne. Når eg kom inn, blei eg spurt om eg var journalist av ein av borna. Nei, eg kjem frå Kyrkjehesting og har lyst å fortelja til folket på Osterøy om denne nystarta klubben. Eit nytt tilskot med kristent barnearbeid som er verkeleg stor grunn til å gle seg over. Lukke til vidare med det flotte tiltaket.

- Madli K Hannisdal





Glimt frå Tre K klubben.... Fornøgde, engasjerte og blide både leiarar og deltakrar.


FORNYING AV KYRKJETEKSTILAR I HAUS KYRKJA

Til no har vi fått inn kr. 16000.- det er kjempeflott. Vi takkar Haus aktivitetslag som har hatt aktivitetssamlingar for pensjonistar på aldersbustaden i Haus gjennom mange år, for den flotte gåva på kr. 4000.- I tillegg har diakoniutvalet som no har overteke dei faste samlingane på aldersbustaden, gitt kr. 2000.-

Vi håpar at det er mange og som har lyst å vera med å gje ei gave til dette formålet. Vi treng i første rekkje kr 45000.- for å kjøpa fiolett (lilla) messekakel. Det skal ikkje så mange gjevarar til før vi kjem opp i den summen. Ei gave på 500-1000 kr vil fort føra oss til målet. Får vi meir midlar, vil vi og kunna fornya dei raude tekstilane.

Kontonummer: 3632 56 56918 (mrk Kyrkjekstilar)

- *Madli K Hannisdal leiar Haus sokneråd*



TÅRNAGENTER I BRUVIK KIRKE

Bruvik sokneråd arrangert 29.11.2011 "Tårnagent-treff" i Bruvik kirke for 13 barn i alderen 8 til 10 år.

Tekst: Wenche Fiskesrth

Foto: Ottar Mo

Etter at deltakerne først hadde gått en runde blant kjente og ukjente graver, fikk de høre historien om gullgraveren som dro fra Olsnes til Amerika og kom hjem styrrik. Så dvelte de en stund ved bautaen over de falne i bygden under siste verdskrig, før følget dro ned til Prestekaien hvor folk la båtene til når de kom roende til kirke før det kom veiforbindelse.

Ungene stilte seg undrende til at man måtte ro. Hadde de ikke påhengs en gang?

I våpenhuset ble det orientert om grunnen til navnet, og alle var enige om at det skulle være fred i kirken. På galleriet var det flott utsikt og det gamle orgelet vakte stor beundring. Agentene skiftet om å trakk belgen eller spille enkle sanger

Så skulle agentene svare på seks spørsmål med tre alternative svar: "Hva heter han som spiller under gudstjenesten? Spillemann, organist eller band-leder?" "Hva sier presten når gudstjenesten er over? Vel hjem, gå i fred eller ha det?"

En del diskusjon ble det. De fleste var enige om organisten, men om presten sa "Vel hjem" eller "Gå i fred" var man usikre på. "Ha det" var det i alle fall ikke! Ferden gikk deretter opp trappen til nedre klokkerom. I den nederste delen av trappen befinner man seg i trygge omgivelser med panelte veggger, mens man lenger oppe nær en mørk, støvete og knirkende verden som ender langt der oppe i et rom, omkranset av råskåret standerverk med dimensjoner av en annen verden.

Her er også en gammel sprukket kirkeklokke midt på gulvet.


Tårnagentene var tapre, men stille. Historien om den sprukne kirkeklokkene som ble skiftet ut engang på 1930-tallet ble fremført med hviskende stemme akkompagnert av "Savekoret" fra Verdis Nebukadnesar. De satte seg litt tettere sammen, skulte på hverandre før det kom: "Går det ikke an å lime den sammen og henge den opp igjen?"

Et klemt frå den store klokken ovenpå brøt stillheten. Nå skulle de opp dit ved hjelp av en bratt stige. Her hadde ingen av agentene vært før, og de ble hjulpet opp, en etter en. Herfra hadde de utsikt over hele Bruvik. Og høydepunktet var da hver tårnagent fikk gjøre et lite klemt hver på klokken. Soknerådet hadde gitt tillatelse, siden man i vår tid ikke ville mistolke kirkeklemmet som varsel om brann eller krig!

Nedturen frå tåret ble verre, for her måtte agentene gå baklengs trinn for trinn. Ungene fikk et glimt ut over det store, mørke og støvete loftet før de endelig var trygt nede. I selve kirkerommet hadde soknerådet fordelt oppgavene seg i mellom, og agentene fikk en innføring i de kirkelige ritualene. Maleriet over alteret med Jesus og to barn vakte interesse. Hvem var de to barna? Vi kunne fortelle at to barn fra bygden hadde stått modell.

Dåpshandlingen ble også gjennomgått med medbrakt dukke, før klokken var blitt 18 og vi etter programmet skulle være ferdige. Dermed ble foreldrene som kom for å hente barna vitne til oppsummering, utdeling av diplom og godsaker til alle.

En time senere kunne soknerådet avslutte dagen og de fornøyde agentene kunne reise hjem.



LYSMESSE OG JULEKONSERT



Et engasjert "Kor som helst" dirigert av Anne-Lise Fjelland.

Den 12. desember 2010 var nesten hele bygden på Bruvik og en del gjester utenfra samlet til lysmesse og julekonsert i Bruvik kirke. Prostiprest Rolf Eivind Monsen og konfirmantene stod for lysmessen som ble gjennomført med høytidelig stil. Organist denne kvelden var kantor Kåre Rivenes.

Tradisjonen tro holdt Haus musikklag med dirigent Oddvar Brekke en flott julekonsert hvor vi alle fikk synge med på de kjente julesangene. Men den største begivenheten denne kvelden var koret "Kor for ikkje", med dirigent Anne-Lise Fjelland.

Det var første gang koret opptrådte på Bruvik. Alle i kirken fikk en unik god og sterk opplevelse der vi lyttet til sangene som ble fremført. Kormedlemmene utviste stor musicalitet og innlevelsesrikt engasjement under fremføringene. Bruvik sokneråd vil takke for lysmessen og julekonserten og ønske alle som var til stede denne kvelden velkommen igjen!

Tekst: Wenche Fiskesteth

Foto: Otto Mo



Haus musikklag dirigert av Oddvar Brekke.



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

MARS

Sundag før faste (Fastelavnssdag), 6. mars 2011:
Luk 18,31-43 Jes 52,13-15; 1 Kor 13,1-13

Hosanger kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Radio Osterøy.

Oskeonsdag, 9. mars 2011: * 1. Joh 3,18-24; Jes 58,5-9; Matt 6,16-18

Haus kl 19: Fastegudsteneste. Monsen.

1. sundag i faste, 13. mars 2011: Matt 4,1-11 1; Mos 2,8-9 og 3,1-19; Hebr 4,14-16

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydarbeidet.
Osterøy kyrkjekor.

2. sundag i faste, 20. mars 2011: Matt 15,21-28; 1. Mos 32,24-30; 2. Kor 6,1-10

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.
Takkoffer til Åpne Dører.

24. mars 2011:

Gjerstad kveldstid: Samtalegudsteneste. Monsen.

Hosanger kveldstid: Samtalegudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til Misjonsprosjekt
Lovsongsheimen i Bangkok.
Konfirmantfest.

Maria bodskapsdag, 27. mars 2011: Luk 1,26-38; Jes 7,10-14; Rom 8,1-4

Bruvik kl 11: Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til Redd Barna.

Hosanger kl 11: Høgmesse. Nattverd. Takkoffer
til kyrkjelydsarbeidet. Osterøy kyrkjekor.
Årsmøte. Kyrkjekaffi.

29. mars 2011:

Bruvik kveldstid: Samtalegudsteneste. Monsen.

31. mars 2011:

Haus kveldstid: Samtalegudsteneste. Monsen.

Hamre kveldstid: Samtalegudsteneste.
Takkoffer til Misjonsprosjekt
Lovsongsheimen i Bangkok. Sørheim.

APRIL

03. april 2011 4. sundag i faste (Midtfaste):

Joh 6,1-15 5 Mos 8,1-3 1. Joh 5,11-15

Haus kl 11: Høgmesse. Sørheim. Osterøy kyrkjekor.

10. april 2011 5. sundag i faste: Joh 11,45-53 3. Mos 4,13-20 Hebr 9,11-15

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Monsen. Takkoffer til
Familie & Medier.

Hamre kl 11: Høgmesse. Sørheim.

Tysdag 12. april 2011

Gjerstad kl 19: Fasteaksjons-gudsteneste. Vikarprest.

Fredag 15. april 2011

Hosanger kl 10,45: Skulegudsteneste. Sørheim.

**17. april 2011 Palmesundag: Joh 12,1-13 Sak 9,9-10
Fil 2,5-11**

Gjerstad kl 11: Familiemesse. Monsen. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

**21. april 2011, Skjærtorsdag: * Luk 22,14-20 2. Mos
12,3-8,11 1. Kor 10,16-17**

Osterøyutnet kl 11: Gudsteneste. Nattverd.

Bruvik kl 18: Gudsteneste. Nattverd.

Hosanger kl 19 Gudsteneste. Nattverd.

Haus kl 20: Gudsteneste. Nattverd.

22. april 2011, Langfredag: Luk 22,39-23,46

Hamre kl 11: Pasjonsgudsteneste.

Haus kl 11: Pasjonsgudsteneste.

**23. april 2011, Påskenatt: Mark 16,1-8 2. Mos 14,1-22
Kol 3,1-4**

Hamre kl 23: Påskenattsgudsteneste.

24. april 2011, Påskedag: Matt 28,1-8

Sal 118,14-24 1. Kor 15,1-11

Gjerstad kl 11: Høgtidsgudsteneste. Felles for alle
kyrkjelydane på Osterøy. Osterøy kyrkjekor.
Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrets.

MAI

1. mai 2011 1. sundag etter påske: Joh 20,19-31

Jes 43,10-13 1. Kor 15,53-57

Bruvik kl 11: Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl 11 : Konfirmasjon. Sørheim.

Torsdag 5. mai 2011

Haus kveldstid. Samtalegudsteneste. Monsen.

8. mai 2011, 2. sundag etter påske: Joh 10,11-16

Esek 34,11-16a 1. Pet 2,21b-25

Gjerstad kl 10 og kl 12: Konfirmasjon. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl 11: Konfirmasjon. Sørheim.

15. mai 2011, 3. sundag etter påske: Joh 16,16-22

Jes 43,16-19 Hebr 13,12-16

Haus kl 10 og 12: Konfirmasjon.

17. mai 2011, 17. mai (Grunnlovsdag): Luk 1,50-53

Sal 127,1-2 Fil 4,8-9

Gjerstad kl 10: Festgudsteneste. Takkoffer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Hamre kl 10: Festgudsteneste. Takkoffer til Kirkens SOS.

Haus kl 10: Festgudsteneste. Takkoffer til nye kyrkjeketstilar.

Hosanger kl 12: Festgudsteneste. Takkoffer til Kirkens bymisjon i Bergen

22. mai 2011, 4. sundag etter påske: Joh 16,5-15

Esek 36,26-28 Jak 1,17-21

Hosanger kl 11: Høgmesse. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

29. mai 2011, 5. sundag etter påske: * Ef 3,14-21

Jer 29,11-14a Joh 16,23b-28

Gjerstad: Familiegudsteneste. Utdeling av bok til 6-åringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**DUGNAD rundt Hamre kyrkje fredag
29. april fra klokka 18.00 og mandag 2.
mai fra klokka 10.00!**

JUNI

Torsdag 2. juni 2011, Kristi himmelfartsdag:

Luk 24,46-53 Dan 7,13-14 Apg 2,32-36

Bruvik kl 11: Høgmesse. Nattverd.

05. juni 2011, 6. sundag etter påske: Joh 15,26-16,4a

Hag 2,3-9 1. Pet 4,7-11

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd.

12. juni 2011 Pinsedag: * Apg 2,1-11 Joh 14,23-29 1

1. Mos 11,1-9

Haus kl 11: Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Haus sundagsskule og YA-klubben på Votlo.

Hosanger kl 11: Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

13. juni 2011 Andre pinsedag: Joh 3,16-21

Jes 44,2-6 Apg 10,42-48a

Hamre kl 11: Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Kirkens ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep. Osterøy kyrkjekor.

19. juni 2011 Treenighetssdag (1. s. e. pinse):

Joh 3,1-15 5. Mos 6,4-7 Rom 11,33-36

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til KIA - Kristelig Interkulturelt Arbeid.

26. juni 2011 2. sundag etter pinse: Luk 16,19-31

5.Mos 15,7-8.10-11 1. Joh 3,13-18

Haus kl 11: Høgmesse Nattverd.

Takkoffer til Bibelskulen Bildøy.

Slekters gang

Døypte:

Bruvik

06.02.2011 Mio Lydian Normann Andersen

Haus

23.01.2011 Kristian Thunestvedt Skår

Gjerstad

05.12.2010 Emil Andreas Skjerping Nakken

16.01.2011 Karoline Hatletveit

Hamre

09.01.2011 Mari Hammer
(døypt i Norheimsund)

20.02.2011 Emil Tufta

Hosanger

05.12.2010 Tarjei Hole-Styve Mjelde

Gravlagde:

Bruvik

04.01.2011 Marit Irene Hekland f.1940

Haus

25.11.2010 Ivar Namtvedt f.1929

17.12.2010 Gerd Mjelde f.1918 (bisett)

30.12.2010 Svein Rongved f.1940

06.01.2011 Kjell Bjørsvik f.1938

13.01.2011 Brita Kristina Mjelde f.1924

21.01.2011 Edit Litland f.1923

17.02.2011 Borghild Øvremjelde f.1925

Gjerstad

26.11.2010 Ragna Lillejord f.1920

10.12.2010 Margit Olea Kallekleiv f.1917

09.12.2010 Erling Vevle f.1929

11.01.2011 Astrid Johanne Sæterstøl f.1922

04.02.2011 Reidar Gjerstad f.1934 (bisett)

08.02.2011 Karl Peder Løtveit f.1916

Hamre

14.12.2010 Sunniva Bjørnsen f.1925 (bisett)

16.12.2010 Katrina Reigstad f.1911

11.02.2011 Alf Martin Birkeland f.1920

Hosanger

18.01.2011 Edith Johnsen Fotland f.1917

28.01.2011 Raymond-Cristino Bermejo f.1993

16.02.2011 Anny Tøsse f.1934

22.02. 2011 May Vigdis Solbakken f.1957

ANNONSAR

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30



BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODETFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no



Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER

AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

LIVSHUS


*Det bankar inn i bringa
Eit hus med fire rom
Klokke for heile livet
Von om ein alderdom*

*Her ligg det fine strenger
Dei syng i moll og dur
og tonane når lenger
enn det vi gjerne trur*

*Vi verner om vårt hjarte
og om vår hjartedor
Ei dør som vi kan stengje
når det er det vi bør*

*Slik kan vi også åpne
og sleppe sola inn
og halde fram på vegen
med glade, lette trinn*

- Anna Leiknes Lyngøy



Anna er busett nordom fjorden, men døypt, konfirmert og gift i Hamre kyrkje.

MEIR REKLAME

Som lesarane ser, er det kome eit nytt reklamefelt her nederst på sida. Annonsøren sikrar økonomien til bladet, og slik slepp vi å belasta kyrkjeleg fellesråd sin kasse for driftsmidlar. Vona er at slike annonsar ikkje virkar forstyrrande for heilskapen. Det er jo hyggjeleg at "Kyrkjehelsing" vert vurdert som eit attraktivt utstillingsvindauge! Neste nummer kjem ut i mai. Då har naturen fått på seg den grøne drakten, om alt går etter vanleg orden.

Frist for innsending av stoff til mai-nummeret:

18.04.2011

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandsfossen

www.bunadogstakkastovo.no